



**Leiinga for Festdalen avviser ei aldersgrense på 18 år i ein delvis heftig debatt i etterkant av suksessfestivalen. Forslaget går ut på eventuell oppdeling slik at dei under 18 får vera i rusfrie soner til dømes tidlegare på dagen. Forslaget kjem frå det rusfaglege miljøet. Det er i ein kraftig kollisjon med festivalleiinga. Leiinga strekar under at festivalen er for alle. Også dei mindreårige skal ha høvet til å oppleve store, flotte konsertar med kjente artistar.**

Det gjer Kvinnherad meir attraktiv for dei og lokkar dei heim att når dei har fullført studiane sine, uttalar Anbjørn Høvik til Kvinnheringen. Og festivalen påverkar festkulturen på ein positiv måte ved å gje barn og unge positive konsertopplevingar.

Høvik reagerer ellers sterkt på ein grov forskjellsbehandling. Andre festivalar har ein langt meir liberal skjenkepolitikk medan Festdalen vert udokumentert skulda for fyll.

Kvart år er dei difor i fåre for ikkje å få bevilling sjølv om dei går langt for å tilretteleggja for dei unge og dei ser fram til eit betre tilhøve mellom partane framfor framtidige festivalar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Stig Framnes